
Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 8. mars 2018 14:55
Til: 'ffureli@hotmail.com'
Emne: Planlegging av bygging av garasje

Hei Frank Even Fureli,

Eg prøvde å nå deg på telefon i dag. Eg viser til din førespurnad om oppføring av garasje på under 50m2 på gbnr 47/111 på Rosslund.

Eigedomen 47/111 er regulert som landbruk, natur og friluftsføremål (LNF) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Det betyr at før du kan føre opp ein garasje på denne eigedomen er du først avhengig av at det blir gitt dispensasjon frå LNF føremålet.

Gbnr 47/85 er i KPA regulert til LNF- spreidd bustad (opplista i tabell 9.1) på desse eigedomane åpnar det opp for garasje under 50 m2 utan at det er trong for dispensasjon frå LNF føremålet.

-Dersom du samanslår gbnr 47/111 med 47/85 kan du oppføra ein garasje på eigedomen utan at du treng søkje om dispensasjon. (Det er ikkje gebyr for samanslåing.)

Du kan vidare då setje opp ein garasje utan å søkje, dersom garasjen er:

- Garasjen kan være inntil 50 kvadratmeter. Dette gjelder både bruksareal (BRA) og bebygd areal (BYA)
- Det må være minimum 1,0 meter fra garasjen til nabogrensen, og minimum 1,0 meter til huset eller annen bygning på tomten din
- Garasjen kan ikke ha kjeller
- Garasjen kan bare ha en etasje, men kan ha et mindre oppbevaringsloft
- Maksimal mønehøyde er 4,0 meter
- Maksimal gesimshøyde er 3,0 meter

Leidningskartet er ikkje fullstendig oppdatert i kommunen, og private leidningar og stikk har ikkje kommunen data over. Her må du ta kontakt med dei som eventuelt måtte ha leidningar på arealet for å vera sikker på at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei. Kartet viser ikkje kommunale leidningar der du har skissert plassering.

Håper dette var til hjelp, dersom noko er uklart, ta gjerne kontakt.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Rådgiver byggjesak
Meland kommune
e-post: merethe.tvedt@meland.kommune.no

